


Vêret i dag ... og dei neste fire dagane

Dagen er 03:04 timer lengre enn ved vintersolsnu.



	I morgon	Fredag	Laurdag	Sundag
Kleppe	☁ ↑ 3-7 4/7	☁ ↓ 3-7 5/5	☁ → 5-9 3/6	☁ ↗ 6-7 6/7
Bryne	☁ ↑ 3-7 4/7	☁ ↓ 3-7 5/5	☁ → 6-10 3/6	☁ ↗ 4-8 6/7
Varhaug	☁ ↑ 3-7 4/6	☁ ↓ 4-8 5/5	☁ → 6-10 3/6	☁ ↗ 6-10 6/6
Undheim	☁ ↑ 3-7 4/7	☁ ↓ 3-7 6/6	☁ → 5-9 3/6	☁ ↗ 5-9 6/7
Sirevåg	☁ ↑ 4-8 4/6	☁ ↓ 6-10 4/5	☁ → 7-11 3/6	☁ ↗ 6-10 5/6
Sandnes	☁ ↑ 3-7 3/7	☁ ↓ 3-7 4/6	☁ → 6-10 4/7	☁ ↗ 6-10 7/7

Rogaland i går

VARMAST 8.1 °C Sauda	KALDAST -10.7 °C Eik - Hove	VÅTAST 0.0 mm Hjelmeland	MEST VIND 5.5 m/s Obrestad Fyr
-----------------------------------	--	---------------------------------------	---


Flo og fjøre i Sirevåg

	I dag	I morgon	Fredag
	01:01	01:38	02:15
	13:18	13:55	14:30
	06:55	07:25	07:52
	19:20	19:51	20:17

Sola og månen

	I dag	I morgon	Fredag
	08:08	08:05	08:03
	17:32	17:35	17:37
	23:13	00:23	
	09:42	10:00	10:20

Vêrpalta er levert av: nyhetsgrafikk.no
Vêrpalta er levert av: Meteorologisk institutt



Rockefest med frynsete nervar



Fakta

Ranglerock

- Blei for første gong arrangert i 2002
- Marknadsfører seg sjølv som ein intimfestival med makelaus god musikk og farse.
- Starta som ein sommarfest i eit forsamlingshus på Hognestad i 2002 der bandet Svendsen Supert-ruckers skulle spela.
- I ettertid blei festivalen kalla Hoggstockfestivalen før han i 2006 skifta namn til Ranglerock.
- Har sidan 2015 blitt arrangert i øllageret til Vaaland 1889 på Bryne.

FESTIVALKLARE: Bandet «Frynsete på nervene» er blant banda som spelar på Ranglerock i år.

FOTO: PRESSEBILDE

Dei første artistnamna til sommarens Ranglerock på Bryne er klare.

ROCKEFESTIVAL: Arrangøren freistar med dansk dynamitt, riffsterk 60- og 70-talsrock, folke-musikk og 80-tals «nerverock». «Vrakfeber» og «Frynsete på nerve» er lokale musikarar som blir å finna under årets Ranglerock.

Dansk dynamitt

Den danske dynamitten, som

det blir freista med, er IRAH, eit band som arrangøren oppdaga på Eurosonic i Nederland tidlegare i år.

- Trioen spelar ein jazza pop som tek lyttaren med på ein tur ut i rommet. Det er sfæriske synthar og eteriske melodiar som umiddelbart grip lyttaren, men slepp han like fort, heiter det i Ranglerock si side på internett.

Det Oslo-baserte badet «Orango» skal bidra med blues-rock og skamlause riff.

Også folkemusikarane i «powertrioen» «Erlend Viken Trio» kjem til Jæren under sommarens festival.

Ranglerock går av stabelen frå 30. juni til 1. juli. For tredje gong skal øllageret til Vaaland 1889 fungera som festivalområde.

I januar i år gav Bjørn Hagerup Røyken seg som leiar for Ranglerock og gav stafett-pinnen vidare til Iselin Grayston.

Grayston hadde både vore frivillig og nestleiar for festivalen

over ein periode på fem år då ho tok over leiarvervet. Hagerup Røyken sa mellom anna at han er opptatt i arbeidet som dagleg leiar for Mellombels, og at ikkje lenger har tid til å arbeida med Ranglerock på kveldstid.

Barnekonserter i biblioteket

«- Jeg har tenkt å fortsette i samme, gode stil som Bjørn har gjort til nå. Jeg har lyst til å videreføre et variert og godt program med spennende artister. Det skal

være noe for alle», sa den nye leiare til Jærbladet då ho nyleg hadde tatt over.

Også under årets festival blir det barnekonserter på Time bibliotek. Konserten blir arrangert i samarbeid mellom Ranglerock, Garborgsenteret og biblioteket.

Brit Romsbotn

br@jbl.no